


# Årsmelding 2004





HEILSKAFTSTENKJANDT  
tyDELEG  
KonSTRUKTiV  
UaVhENGiG  
EffiKtiV

## Visjon

NOKUT skal vere eit anerkjent kvalitetssikringsorgan på eit høgt, internasjonalt nivå. Organet skal bidra til at samfunnet kan ha tillit til kvaliteten på norsk høgre utdanning, fagskoleutdanning og godkjent utdanning i utlandet.



# Innhold

➤ <b>NOKUT i 2004</b>	side 3
Ord fra styreleiar	side 4
Ord fra direktør	side 6
Styret	side 8
Varamedlemmer	side 8
Organisasjonen og tilsette i NOKUT	side 9
Klagenemnd	side 9
➤ <b>Rekneskap</b>	side 10
Nøkkeltal	side 11
Tilsette	side 11
➤ <b>Arbeidsområde for NOKUT i 2004</b>	side 12
Evaluering av kvalitetssikringssystema til institusjonane	side 13
Akkreditering av institusjonar og studietilbod	side 14
Evaluering for å vurdere kvaliteten i norsk høgre utdanning	side 15
Godkjenning av utdanning i utlandet	side 16
Godkjenning av fagskoleutdanning	side 17
Ekstern informasjon	side 18
➤ <b>NOKUTs internasjonale engasjement</b>	side 19
➤ <b>Temaartiklar</b>	side 20
Den utfordrande balansen mellom kontroll og utvikling	side 21
Fagskolen – den nye tertiærutdanninga	side 22
Europeisk samarbeid om evaluering av kvalitetssikring	side 24
Modernisering av nordisk samarbeid om godkjenning av utanlandsk utdanning	side 25
Evaluering av allmennlærarutdanninga	side 26

# NOKUT i 2004

## Dette er oppgåvene til NOKUT:

- evaluering av institusjonane sine system for kvalitetssikring ved norske universitet og høgskolar
- akkreditering av norske universitet og høgskolar
- akkreditering og godkjenning av studietilbod
- revidering av akkreditering som allereie er gitt
- godkjenning av fagskoleutdanning
- evaluering for å vurdere kvaliteten på høgre utdanning
- generell godkjenning av utdanning frå institusjonar som ikkje er akkrediterte
- generell godkjenning av utdanning tatt i utlandet
- informasjon om norsk utdanning til utlandet
- informasjon om NOKUT sine oppgåver og vedtak

NOKUT skal i arbeidet sitt vere uavhengig av institusjonane og av departementet. Det betyr at NOKUT skal basere arbeidet sitt på lover, forskrifter og fastlagde retningslinjer, og fatte vedtaka sine med grunnlag i desse. Departementet kan ikkje gi pålegg til NOKUT utover det som er heimla i lov eller fastsett i forskrift. Departementet kan heller ikkje gjere om vedtak som NOKUT har gjort om godkjenning eller akkreditering.

NOKUT har myndigheit til å trekkje tilbake godkjenning av eit kvalitetssikringssystem eller akkreditering av ein institusjon eller eit studietilbod dersom vilkåra for godkjenninga eller akkrediteringa ikkje lenger er oppfylte.

NOKUT har kontoradresse i Oslo.



Professor Narve Bjørgo,  
styreleiar i NOKUT



## Mot eit meir samordna kvalitetsregime?

Arbeidet med å evaluere system for kvalitetssikring er på mange vis den mest sentrale og mest innsatskrevjande oppgåva NOKUT er pålagt. Ikkje minst heng det saman med at evalueringane skal rullere syklisk, og slik sett representere ein konstant på kommunikasjonslinja mellom tilsynsorganet og institusjonane. Det blir da viktig å drøfte korleis desse framtidige møtepunktka kan fyllast med meningsfullt innhald for dei ulike aktørane og interessentane i kvalitetsarbeidet.

Mitt utgangspunkt for refleksjonar kring spørsmålet er dette: Institusjonane set inn store og kreative krefter i arbeidet med å meisle ut kvalitetssystema sine; retten til i det heile å drive høgare utdanning er da også blitt avgjerande forankra i det evaluerte og godkjende systemet. Dei kvalitetssystema som til no er godkjende av styret til NOKUT, har sine klare individuelle særpreg, men også det fellespreg at dei held høgt profesjonelt nivå som systemkonstruksjonar. Dette er viktig, men ikkje nok. Kvalitetssystemet er eit middel til eller ei handlingsramme kring målet – betre læringsprosessar og høgare læringskvalitet – og gir i seg sjølv ingen kontante indikasjonar på i kva grad dette målet blir nådd. Vi kan ha gode kvalitetssystem og dårleg utdanningskvalitet, og omvendt. Spørsmålet om treet versus fruktene er altså stadig aktuelt, og nokon kvar av oss tåler å bli minna om at i kvalitetsarbeidet må "resultatglede" vege tyngre enn "systemglede".

Når eit kvalitetssystem er godkjent, trer NOKUT i realiteten ut av kvalitetsarbeidet ved institusjonane, som har sjølvstendig ansvar for eigen utdanningskvalitet. Meir enn ein gong har eg kjent frustrasjon over denne skarpe todelinga mellom eit ytre (NOKUT) og eit indre (institusjonane) kvalitetsregime. Først og fremst fordi posisjonen til NOKUT blir så sterkt låst til systemkvalitet og systemansvar, utan å nå inn til det eigentlege arbeidsbordet der kvalitet blir skapt – eller ikkje skapt. Kva skjer mellom lærarar og studentar i læringsprosessen? Det er sjølve grunnspørsmålet, og bør vere det også for NOKUT. Våre utviklingsoppgåver i kvalitetsarbeidet får heller ikkje armslag og verknad før vi kan ta dette inn over oss på andre måtar enn vi i dag er i stand til.

På NOKUT-konferansen i Stavanger i fjor heldt professor Lee Harvey frå evalueringssenteret ved Sheffield Hallam University eit foredrag som greip rett inn i desse problemstillingane. Han jamførte systematisk oppgåvene til det ytre og det indre kvalitetsregimet, og tok til orde for det han kalla ein felles handlingssyklus. Ei slik tilnærming vil forskyve kjernen i kvalitetsarbeidet frå spekteret av innsatsfaktorar til læringa sine prosessar og resultat, og i sin konsekvens dempe forhold og tiltak som i dag dominerer kvalitetsarbeidet: krav om kompetanse og tidsbruk, institusjonelle strategiar, infrastrukturelle tiltak og administrativ service. Det betyr også ei forskyving frå kontroll til utvikling i kvalitetsarbeidet.

Korleis dette kan gjerast innfor dagens norske audit-system har eg inga konkret oppskrift på. Ei slik oppskrift må dessutan utarbeidast i rådslag med institusjonane. Men som ei startblokk ser eg for meg at ein samordna modell blir utprøvd i dei sykliske revisjonane av kvalitetssystema som snart blir ei hovudsak på NOKUT sitt handlingsprogram. Slik eg ser det, er det ikkje behov for vidløftige systemkontrollar ved desse revisjonane. Vi bør ikkje slå oss til ro med at systemfeil og systemmanglar er retta opp, men konsentrere oss om og involvere oss i systemet sin kontante funksjon. Altså rett til "arbeidsbordet", eller resultatavla, saman med institusjonane sine egne folk. I budsjettforslaget for 2006 har NOKUT gjort framlegg om å etablere ei mindre gruppe for analyse, utvikling og internasjonalisering i direktørens stab. Ei naturleg førsteoppgåve for gruppa kunne nettopp vere å gjennomdrøfte og helst operasjonalisere desse tankane. Gruppa vil også kunne formidle innspel til og frå den europeiske debatten kring temaet.

Til slutt vil eg gjerne understreke at dei tankane eg her har lagt fram om ein meir integrert strategi, ikkje betyr nokon "NOKUT-imperialisme" i kvalitetsarbeidet. Tvert imot, og her siterer eg Lee Harvey: Samarbeidsmodellen vil "take quality assurance back to institutions and discipline communities who stand at the centre of the student learning proces". NOKUT si rolle i kvalitetsarbeidet treng ei slik avmystifisering. Større samhandling vil også kunne byggje ned ein framleis merkbar institusjonell skepsis mot å bli "kontrollert utanfrå".

Med det takkar eg for meg i NOKUT-samanheng. I mitt relativt lange akademiske liv har arbeidet med og i denne organisasjonen vore ei særskilt god og meningsfylt erfaring. Derfor vil eg også sakne kontakten med administrasjonen og styret i Kronprinsens gate, og med alle institusjonane – offentlege og private – som eg har kome i nærkontakt med. Vi er i same båt, og eg ønskjer lykke til med kursen vidare.



Professor Narve Bjørge  
styreleiar



Oddvar Haugland,  
direktør i NOKUT



## 2004 i hovudtrekk

I 2004 har det vore full aktivitet innanfor alle oppgåvene til NOKUT: evaluering av system for kvalitetssikring av utdanninga ved institusjonar, akkreditering av institusjonar og studietilbod, revidering av tidlegare gitt akkreditering, evaluering for å vurdere kvalitet i utdanninga, godkjenning av utdanning i utlandet og godkjenning av fagskoleutdanning. Den siste oppgåva fekk NOKUT med verknad frå 1. januar 2004.

For delar av verksemda til NOKUT kan arbeidsomfanget dels bli tilpassa saksbehandlingskapasiteten. Evaluering av kvalitetssikringssystem for institusjonane følgjer årsplanar. Vi tek omsyn til kravet frå Utdannings- og forskingsdepartementet om at alle akkrediterte institusjonar skal få evaluert kvalitetssikringssystema sine innan utgangen av 2007. Søknader om institusjonsakkreditering er gitt høg prioritet. Vi kan også styre omfanget av arbeidet med revidering av akkreditering og evaluering for å vurdere kvaliteten i utdanninga. Oppgåver som er baserte på søknader frå institusjonar og personar, er vanskelege å påverke.

I 2004 har det vore køar på fleire område, som godkjenning av utanlandsk utdanning og akkreditering av institusjonar og studietilbod. Det er derfor positivt at NOKUT fekk auka budsjettramma for 2005 med 3 millionar kroner. Dermed kan vi redusere saksbehandlingstida for søknader om godkjenning av utdanning teke i utlandet frå omlag fire månader til to månader, auke kapasiteten for revidering av akkreditering og evaluering og vere førebudd på mange fleire søknader om godkjenning av fagskoleutdanning. Særleg i nasjonale system er det viktig å vurdere kvaliteten med revidering av akkreditering.

Elles er kvalitet og effektivitet høgt prioritert ved at vi grundig gjennomgår tilbakemeldingar frå sakkunnige og involverte institusjonar. I 2004 utvikla NOKUT også eit internt kvalitetssikringssystem. Det er vanskeleg å utvikle og følgje opp mål for effektivitet. Eitt mål på effektivitet er kor lang tid saksbehandlinga tek. Saksbehandlingstida blei i 2004 definert som tida det tek frå NOKUT registrerer søknaden til den blir sendt til søkarinstitusjonen, men dette gir ofte feil inntrykk. I framtida vil vi måle frå det tidspunktet søknaden er ferdig til vurdering og til vedtaket blir sendt. Vi vil også utvikle andre effektivitetsindikatorar.

Noreg fekk to nye universitet i 2004. Etter vurdering av kvalitetssikringssystem og fagleg kompetanse av to ulike sakkunnige komitear, blei Høgskolen i Stavanger og Norges landbrukshøgskole akkrediterte som universitet. På grunnlag av NOKUT si akkreditering blei institusjonane universitet frå 1. januar 2005. Dette er første gang det blir oppretta nye universitet etter ein fagleg vurderingsprosess i høve til fastsette standardar. I 2004 blei den første private høgskolen, Det teologiske Menighetsfakultet, akkreditert som vitenskapleg høgskole, med verknad frå 1. januar 2005. Dei næraste åra reknar vi med fleire søknader om akkreditering som universitet, vitenskapleg høgskole og akkreditert høgskole. Gjennom tilleggsakkrediteringar kan institusjonane utvide dei faglege fullmaktene og etablere nye studietilbod.

I alt sju evalueringar av system for kvalitetssikring ved institusjonane blei avslutta med vedtak i styret i 2004. Fem av desse fekk systema godkjente, medan to ikkje blei godkjente. Dei to siste fekk ein periode på seks månader til å følgje opp merkningane.

NOKUT tok i 2004 initiativ til ei omfattande revidering av akkreditering av 34 studietilbod for sjukepleie på bachelor- og masternivå ved universitet og statlege og private høgskolar. Prosjektet blir avslutta mot slutten av 2005 og representerer noko nytt i Noreg. Ei revidering av akkreditering kan også føre til at akkrediteringa av studietilbodet blir trekt attende, og studietilbodet lagt ned.

Utdannings- og forskningsdepartementet har også pålagt NOKUT å gjennomføre ei evaluering av alle dei 22 studietilboda for allmennlærerutdanning ved statlege og private institusjonar. Prosjektet blir avslutta hausten 2006. I motsetning til revidering av studietilbod, kan ikkje ei slik evaluering føre til tap av akkreditering. Desse to omfattande prosjekta er sentrale i det nasjonale kvalitetssikringssystemet for høgre utdanning i Noreg, og er viktige supplement til annan evaluering og akkreditering.

Det er størst interesse for nye mastergradsstudium, særleg ved statlege høgskolar. Det var 62 søknader i 2004, og 31 blei ferdig behandla same året. Av dei 31 søknadene kom 26 frå statlege høgskolar og fem frå private. Av søknadene blei 23 godkjente, mens åtte ikkje fekk godkjenning/akkreditering.

Arbeidet med godkjenning av fagskoleutdanning har vore inne i ein førebuingssfas, med utvikling av kriterium for sakkunnig vurdering, søkjarhandbok, seminar av ulike slag og møter med organisasjonar, tilbydarar, statlege etatar m.m. Mot slutten av året kom det mange søknader som no er til behandling. Arbeidskapasiteten blir auka frå 2 til 3 sakbehandlarar.

Det blir stadig fleire søknader om generell godkjenning av utdanning teke i utlandet. Auken frå 2003 til 2004 var på 12,5 %. Det var 1816 søknader i 2004, og talet på ferdigbehandla søknader auka med vel 18 % til 1855. For første gang på fleire år blei det i 2004 behandla fleire søknader enn dei innkomne. Saksbehandlingstida er framleis på vel 4 månader, men for saker som blei registrerte og ferdigbehandla i 2003, var saksbehandlingstida 3,3 månader. Med kapasitetsauken frå hausten 2005 kan vi redusere saksbehandlingstida til omlag 2 månader i 2006. Det er også gjennomført eit pilotprosjekt for godkjenning av utdanning for flyktningar utan utdanningsdokument. Den faglege kompetansen innanfor den aktuelle utdanninga blir vurdert i intervju med fagpersonar. Metoden er alt teken i bruk.

I ei globalisert verd med stor mobilitet når det gjeld utdanning og arbeid er det nødvendig å delta aktivt i det internasjonale samarbeidet om kvalitetssikring for høgre utdanning og om gjensidig godkjenning. NOKUT konsentrerer seg om nordiske og europeiske nettverk og samarbeidsorganisasjonar, og eit avgrensa tal multilaterale og bilaterale samarbeidsprosjekt. I 2004 heldt tilsette i NOKUT til saman 16 foredrag og innlegg på internasjonale konferansar, seminar og arbeidsmøte. NOKUT har også vore vertsskap for fleire slike møte. Dette gir eit vesentleg utbytte for NOKUT sitt arbeid med nasjonale oppgaver.

NOKUT har i 2004 brukt nær 300 sakkunnige, dei fleste frå Noreg og dei andre nordiske landa. I arbeidet med evaluering, akkreditering og godkjenning er NOKUT avhengig av at kvalifiserte fagpersonar stiller opp. Vi er svært takksame for den positive innstillinga til kvalitetsarbeidet.

Arbeidet med kvalitet og kvalitetsutvikling i utdanning er viktig, interessant og engasjerande. NOKUT ser fram til eit vidare godt samarbeid med alle sentrale aktørar for sikring og utvikling av høgre utdanning og fagskoleutdanning i Noreg.

Oddvar Haugland  
direktør




## Styret

- Professor Narve Bjørgo, Universitetet i Bergen, leiar
- Fagsjef Annett Lundsgaard, Byggenæringens landsforening, nestleiar
- Professor Roger Abrahamsen, Norges landbrukshøgskole
- Prorektor Bente Kristensen, Handelshøjskolen i København
- Seniorforskar Ragnhild Kvalshaugen, Sintef
- Lektor Berit Tetzschner, Sofienberg tekniske fagskole
- Student Mats Larssen, Norsk Studentunion

## Varamedlemmer

- Professor Jan-Martin Berentsen, Misjonshøgskolen i Stavanger
- Forskar Karl Erik Brofoss, Norsk institutt for studier av forskning og utdanning (NIFU)
- Student Inger Marie Skinderhaug, Studentenes landsforbund. Møter som fast observatør.





## Organisasjonen og tilsette i NOKUT

NOKUT har organisert verksemda i tre seksjonar, med utgangspunkt i dei oppgåvene organet har:

- Seksjon for kvalitetssystem evaluerer kvalitetssystema på norske universitet og høgskolar ikkje sjeldnare enn kvart sjette år. Seksjonen deltar òg i evaluering av kvaliteten på undervisningstilbodet.
- Seksjon for akkreditering godkjenner og akkrediterer institusjonar og studieprogram etter søknad. Seksjonen deltar òg i andre typar evaluering.
- Seksjon for utanlandsk utdanning gir generell godkjenning av utanlandsk utdanning. Seksjonen har òg informasjonsoppgåver om norsk høgre utdanning og ansvar for oppfølging av nasjonale plikter om godkjenning av utdanning.

I tillegg kjem stabsfunksjonane, som består av administrasjon, informasjon, data-/statistikktenester og juridiske tenester.

NOKUT har eit internt nettverk for metode- og kompetanseutvikling (MKU) på tvers av seksjonane. MKU har eit spesielt ansvar for å utvikle og drive eit internt kvalitetssikringssystem i NOKUT, og har fått sentrale oppgåver med kontinuerlig kompetanseutvikling.

## Klagenemnd

Utdannings- og forskningsdepartementet har utnemnt ei klagenemnd for perioden 2003–2006. Klagenemnda avgjer klager på vedtak som er fatta av NOKUT, men behandlar ikkje klager på vurderinga til dei sakkunnige. Klagenemnda har fem medlemmer med personlege varamedlemmer:

- Kjell Frønsdal, Gulating lagmannsrett (leiar)
- Helle Rolstad, Namdal tingrett (vara for leiar)
- Knut Ingar Westeren, Høgskolen i Nord-Trøndelag (medlem)
- Ingrid Bergslid Salvesen, Universitetet i Tromsø (varamedlem)
- Guri Bakken, Universitets- og høgskolerådet (medlem)
- Siri Margrethe Løksa, Norges landbrukshøgskole (varamedlem)
- Gunhild Hagesæther, Norsk Lærarakademi (medlem)
- Kjell Eliassen, Handelshøgskolen BI (varamedlem)
- Johannes Fjose Berg, Studentenes landsforbund (studentmedlem)
- Anette Wilberg, Norsk Studentunion (varamedlem)

Juridisk rådgivar i NOKUT, Eva Liljegren, er klagenemndas sekretær.

Klagenemnda for avgjerdene til NOKUT har hatt to møter i 2004. På møtene blei det behandla 10 og 12 saker. Sakene gjaldt godkjenning av utdanning i utlandet. Klagenemnda var einig i NOKUT sine vedtak i alle sakene.



# Rekneskap

Tildeling for NOKUT i 2004 var på 32 400 000 kroner. I tillegg var det løyvd følgjande:

- Overføring av mindreforbruk frå 2003: 1 684 000 kroner
- Lønnsrefusjonar for Norgesnettrådet og husleige for ABM-utvikling (kontor for tidlegare Riksbibliotekjtenesten): 1 015 000 kroner
- Lønnskompensasjon: 2 672 000 kroner
- Prosjektmiddel til pilotprosjekt for godkjenning av flyktningar med mangelfull utdanning og til evaluering av allmennlærer-utdanning: 845 000 kroner

NOKUT har i 2004 hatt inntekter på 1 513 000 kroner. Dette er ikkje inntekter i ordinær forstand, men posteringar som har ei utgiftsside i rekneskapet, og må balanserast med tilsvarende inntekter.

Spesifikasjon av inntekter:

- Framleige av lokale til ABM-utvikling: 50 000 kroner
- Tilskot frå EU: 130 000 kroner
- Brutto-posteringar som kantineinntekter: 275 000 kroner
- Konferanseavgifter: 480 000 kroner
- Refusjonar frå arbeidsmarknadstiltak, sjukdom og fødsel: 572 000 kroner

Driftsutgiftene til NOKUT var på 34 506 000 kroner. Justert for refusjonar og inntekter er det reelle forbruket for NOKUT i 2004 på 32 993 000 kroner. I 2004 var det følgjande kostnadsmessige hovudpostar:

- Lønsutgiftene var 13 279 000 kroner, godtgjering til styret 579 000 kroner, utvalsmedlemmar og løna konsulentar 2 658 000 kroner, sluttvederlag for Norgesnettrådet 383 000 kroner og arbeidsgivaravgift 2 316 000 kroner.
- Teknisk utstyr, maskiner og inventar har eit rekneskapstall på 1 042 000 kroner.
- Kontortenester som inkluderer forbruksmateriell, service-utgifter på maskiner, databehandling og programvare, trykkjeutgifter, kunngjerigar, porto og telefon, var bokførde med 3 029 000 kroner.
- Reiseutgifter og representasjon, kursavgifter og kompetanse-utvikling var bokførde med ei utgift på 3 060 000 kroner.
- Bøker og fagtidsskrift har kosta 290 000 kroner.
- Diverse utgifter som konsulenttenester, seminar, kantine-tilskot, bedriftslegeordning og diverse driftsutgifter utgjør 3 067 000 kroner. Inkludert i denne posten er seminar som må sjåast på som kompetanseheving, med ei utgift på 852 000 kroner. I tillegg har blant anna utarbeidinga av lønspolitiske retningslinjer og kvalitetssikringssystem internt i einingane bidratt til kompetanseutvikling.
- Leige av lokale, elektrisitet, brensel og reinhaldstenester er ein stor post med 4 803 000 kroner.

For 2004 har den ordinære drifta over kapittel 0281 (post 01) gitt eit mindreforbruk på 4 109 000 kroner. Hovudgrunnen til mindreforbruket var at det ikkje er alle stillingane i NOKUT som har vore bemanna heile året. Det har ført til at verksemda ikkje har kunna gjennomføre alle planlagde aktivitetar. I tillegg kom evaluering av allmennlærerutdanninga seint i gang i 2004, og prosjektmiddel på 617 000 kroner var derfor ikkje brukt. Vidare blei tildelte middel til lønskompensasjon på 2 672 000 kroner først mottatt i desember 2004.



## Nøkkeltal

### 1. Studiestader for høgre utdanning i Noreg i 2004

Universitet og vitenskaplege høgsular	Akkrediterte høgsular, kunsthøgsular og krigssular	Akkrediterte institusjonar i alt	Ikkje-akkrediterte høgsular med godkjende studie-program
12	33	45	29

### 2. Evalueringar av kvalitetssikringssystem etter resultat i 2004

Godkjent	Underkjent	I alt
8	3	11

### 3. Akkreditering og godkjenningar etter akkrediteringstype og resultat i 2004

Akkrediterings-type	Godkjenning	Avslag	Administrativ vurdering*	I alt
Institusjon	3	0	0	3
Doktorgradsstudium	2	0	1	3
Mastergradsstudium	23	3	5	31
Andre studietilbod	11	5	14	30

\* Administrativ vurdering omfattar både godkjenning av endringar i studium som allereie er godkjende, avvising av søknader og søknader som blir trekt tilbake.

### 4. Evalueringar for å vurdere kvalitet

Det er i 2004 sett i gang eit prosjekt for å vurdere kvalitet, nemleg evaluering av allmenlærarutdanning. Prosjektet er venta å bli avslutta i 2006.

### 5. Vedtak om generell godkjenning av utdanning i utlandet etter utdanningsnivå

Høgskole-kandidat grad	Godkjent som jamgod med bachelorgrad	Godkjent som jamgod med mastergrad	Godkjent som jamgod med med PhD	Studie-poeng utan grad	Avslag	Vedtak totalt
8	879	163	3	316	484	1853


### 6. Godkjenning av fagskoleutdanning

Ingen søknader om godkjenning av fagskoleutdanning blei avslutta i 2004.

## Tilsette


Ved utgangen av 2004 hadde NOKUT 36 fast tilsette i til saman 35 årsverk. I tillegg var 4 personar tilsett på engasjement det siste halve året. Dei tilsette i NOKUT har gjennomgåande høg utdanning, noko som speglar arbeidsfelta til organet.

### 1. Utdanningsnivået til dei tilsette




### 2. Kjønnsfordeling i NOKUT og i leiinga til NOKUT

I NOKUT:



I leiinga til NOKUT:



■ menn  
■ kvinner

### 3. Drifts- og lønsutgifter

Netto driftsutgifter for NOKUT i 2004 var 32 993 000 kroner. Av dette utgjorde løn 13 279 000 kroner (arbeidsgivaravgift ikkje inkludert).

# Arbeidsområde for NOKUT i 2004

- Evaluering av kvalitets-  
sikringssystema til institusjonane.
- Akkreditering av institusjonar og  
studietilbod.
- Evaluering for å vurdere kvaliteten  
i norsk høgre utdanning.
- Godkjenning av utdanning teke  
i utlandet.
- Godkjenning av fagskoleutdanning.
- Ekstern informasjon.

akkredITERE  
bedømME  
evalUERe  
godkjenNe  
informERE



# Evaluering av kvalitetssikringssystema til institusjonane

## Kort om 2004

Etter at ei evaluering blei gjennomført og avslutta allereie i 2003, utførte NOKUT i alt 18 evalueringar av kvalitetssikringssystem i løpet av 2004. Elleve av desse var del av planen for den første ordinære syklusen av slike evalueringar, mens dei andre sju, pluss den eine i 2003, har vore første ledd i ei evalueringsprosedyre for institusjonar som søker institusjonsakkreditering. NOKUT er dermed i god rute til å kunne avslutte første syklus ved utgangen av 2007.

Utvikling og drifting av kvalitetssikringssystem for utdanningsverksemda er ei ny og krevjande oppgåve for institusjonane. Derfor inviterte NOKUT institusjonar som meinte dei allereie var komne langt med oppgåva, til å melde seg for evaluering det første året. Alle institusjonane som blei evaluert i syklus i 2004, var derfor institusjonar som melde seg villige. Ved evalueringane i 2004 blei det tatt omsyn til at ein ennå ikkje kunne forvente at systema hadde produsert ei fullstendig dokumentasjon for heile det første året.

Av dei 19 institusjonane som var evaluert ved utgangen av 2004, fekk tre kvalitetssikringssystemet sitt førebels underkjent. Dei får då ein frist på seks månader til å vidareutvikle dei områda der dei var for svake. Deretter skal dei evaluerast på nytt. Evalueringar av kvalitetssikringssystema skjer ved hjelp av eksterne sakkunnige komitear. Dei sakkunnige i desse komiteane inngår i ei fast gruppe som blir utnemnt for eitt år om gongen. For denne gruppa har NOKUT i 2004 arrangert to heildagsseminar om evalueringsoppgåva.

Ved slutten av 2004 starta NOKUT ein førebels gjennomgang av kriteriesettet som institusjonane blir vurdert etter, sett i lys av erfaringar som er gjort. Denne prosessen held fram inn i 2005, og det er ennå ikkje avgjort om den vil føre til endringar i kriteriana.

## Fokus 2005

For 2005 er det planlagt ni evalueringar i ordinær syklus. Blant desse er òg Universitetet i Tromsø, som blir første universitet ut. For dette året er institusjonane trekte ut utan omsyn til eventuelle ønske om å bli evaluert tidleg, og slik vil det òg vere i dei komande åra. NOKUT vil i 2005 basere evalueringane på at institusjonane har system som no har produsert tilfredsstillande dokumentasjon av kvalitetsarbeidet.

Dei tre institusjonane som fekk kvalitetssikringssystemet sitt underkjent i 2004, vil bli evaluert for andre gong i 2005. I tillegg er det planlagt tre evalueringar etter søknad frå institusjonar som ønskjer institusjonsakkreditering, blant desse også det nye Forsvarets skolesenter.

## Verksemda omfattar desse områda:

➤ NOKUT kan sjølv avgjere kva slags evalueringar organet ønskjer å sette i verk under dette verksemdsområdet, men skal også kunne gjennomføre evalueringar etter ønske frå Utdannings- og forskningsdepartementet.

Departementet bad i oktober 2004 om ei evaluering av norsk allmennlærerutdanning. Ved utgangen av 2004 var evalueringa ferdig planlagt frå NOKUT si side, og sakkunnige var utnemnt. Det operative arbeidet vil i hovudsak bli gjennomført i 2005, og evalueringa vil vere avslutta til sommaren 2006. Evalueringa skal både gi ei generell vurdering av norsk allmennlærerutdanning og vurderingar av programma til dei enkelte høgskolane. Dette evalueringssjektet er så omfattande at det ikkje gir rom for andre evalueringar under dette verksemdsområdet i 2005.





## Akkreditering av institusjonar og studietilbod

*Akkreditering av institusjonar og studietilbod skjer i dei tilfelle der institusjonane ønskjer utvida fullmakter i forhold til den nåværande statusen sin og søker NOKUT om akkreditering. 2004 blir rekna som det første ordinære driftsåret for NOKUT si behandling av slike søknader. Resultatet viser at mengden søknader om akkreditering av mastergradsstudier frå private og statlege høgskolar er stor. Det er venta at talet på slike søknader vil auke i tida framover.*

*NOKUT skal også revidere tidlegare akkrediterte institusjonar og studietilbod. Den første revideringa omfatta revidering av all norsk sjukepleiarutdanning på bachelor- og mastergradsnivå.*

### Verksemnda omfattar desse områda:

- godkjenning av kortare studietilbod (minimum 30 studiepoeng) og bachelorgradsstudier etter søknad frå private høgskolar
- godkjenning/akkreditering av mastergradsstudier og doktorgradsstudier etter søknad frå statlege og private høgskolar
- akkreditering som universitet, vitenskapleg høgskole eller høgskole etter søknad frå statlege og private høgskolar
- revidering av akkreditering som allereie er gitt

### Kort om 2004

Verksemnda var også i 2004 prega av både utvikling og tilrettelegging av rutinar, i tillegg til behandling av eit stort antall søknader. Kvalitet og innhold i akkrediteringssøknadene har vore veldig varierende. For å sikre at all nødvendig og korrekt informasjon blir lagt fram saman med søknaden, er det utforma ei søkerhandbok for dei tilfella der det søkjast om akkreditering av studiar til og med mastergradsnivå. Det er blitt holdt ei rekkje møter med institusjonar som spesielt har ønska nærmare orientering om søknadsoppygging og dokumentasjon.

I 2004 blei det gitt 39 positive akkrediteringar, medan 8 var negative. Dette viser at kvaliteten på studietilboda det blir søkt akkreditering for, er gjennomgåande tilfredsstillande i forhold til NOKUT sine standardar og kriterium. Den største utfordringa for søkerane var å tilfredsstille krav til lærarane sin vitenskaplege kompetanse og kapasitet. Ein annan vanleg merknad gjeld uklære eller manglande mål for studiet. Elles har dei sakkunnige gitt mange konstruktive anbefalingar til vidare utvikling av kvaliteten.

I 2004 fekk to universitet, Universitetet i Stavanger og Universitetet for miljø- og biovitenskap, i tillegg til ein vitenskapleg høgskole, Menighetsfakultetet, sine akkrediteringar.

Det blei utnemnt omkring 230 sakkunnige til dei faglege vurderingane.

NOKUT har vore sekretariat for Utdanningsdepartementet sin utdanningskvalitetspris. I 2004 blei prisen på ein million kroner første gong utdelt samla, og vinnaren blei Juridisk fakultet, Universitetet i Bergen, for prosjektet "Ny studieplan for det juridiske studium: Fra lesing til læring".


### Fokus 2005

I 2005 vil NOKUT fokusere på dei sakkunnige sin rolle i akkrediteringsprosessen. Det skal fortsatt vere fokus på å utvikle og utvide omfanget av akkrediteringsrevideringar. Det same gjeld forbetring av informasjon, ikkje minst i samband med å gjere akkrediteringsvedtaka frå NOKUT allment kjende, og sikre dei nasjonal og internasjonal anerkjenning.

# Evaluering for å vurdere kvaliteten i norsk høgre utdanning

## Kort om 2004

I oktober 2004 fekk NOKUT i oppdrag av Utdannings- og forskingsdepartementet å gjennomføre ei evaluering av allmennlærerutdanninga. Prosjektet skal omfatte alle dei 19 institusjonane som gir slik utdanning. I løpet av hausten 2004 var evalueringa ferdig prosjektert, sakkunnige var utnemnt og dei første planleggingsmøta med dei sakkunnige var heldt. Evalueringa vil vere avslutta til sommaren 2006.





## Godkjenning av utdanning teke i utlandet

*NOKUT mottok 1816 søknader om godkjenning av utdanning frå utlandet, ei auke på 12,5 %. Talet på ferdigbehandla saker var 1855, ei auke på 18 %. Den gjennomsnittlege saksbehandlingstida er litt over 4 månader. Klagenemnda behandla 22 klager, og ingen av vedtaka blei omgjort.*

### Verksemnda omfattar desse områda:

- Generell godkjenning
- Informasjon om det norske systemet for høgre utdanning
- Fremje Lisboakonvensjonen sine prinsipp for godkjenning
- Utvikling og drift av Nasjonal database for godkjenning av utanlandsk høgre utdanning (NAG)

### Kort om 2004

I enkelte land er det umogleg å få påliteleg verifikasjon av utdanningsdokument. Dette gjeld spesielt Somalia, Afghanistan og delar av Irak. I eit pilotprosjekt finansiert av Utdannings- og forskingsdepartementet, har NOKUT i samarbeid med nokre institusjonar prøvd ut ein godkjenningsmetode for søkjarar med mangelfull dokumentasjon som har vist seg å fungere godt.

NOKUT har ansvar for oppfølging, ajourføring og kvalitetssikring av lista over "Krav til generell studiekompetanse for søkjarar med utanlandsk utdanning". Det er utnemnt eit fagleg utval som skal gi råd i ei årleg revidering. Utvalet anbefalte at krava til søkjarar frå Sør-Afrika, Russland og landa i det tidlegare Sovjetunionen burde endrast slik at søkjarar frå desse landa får godkjent eitt års høgre utdanning meir enn tidlegare. Anbefalinga blei vedteken av styret til NOKUT i november 2004.

I samarbeid med ANSA har NOKUT laga ein offentleg tilgjengeleg landdatabase med informasjon om utdanningssystema i nokre sentrale land og kva slags godkjenning utdanning frå desse landa får i Noreg.

Institusjonane si rapporteringsplikt blir oppfylt ved at alle avgjerder blir registrert i Den nasjonale godkjenningsdatabasen (NAG). Over 4000 godkjenningssaker er registrert, og talet stig raskt. Data frå NAG viser at søknader i liten grad blir sendt både til NOKUT og til institusjonen.

NOKUT har ansvar for implementering av Diploma Supplement i Noreg. Halvparten av dei 14 DS-Labels EU-kommisjonane tildelte etter søknad, blei gitt til norske institusjonar. Nye utdanningsinstitusjonar som får fullmakter etter UH-loven, blir fortløpande integrert i DS-arbeidet.

NOKUT er Noregs representant i ENIC/NARIC-nettverka, som er spesielt viktige fora for vidareutvikling av godkjennings- og informasjonsverktøya internasjonalt. I Norden arbeider ein tett saman med dei andre nordiske ENIC/NARIC - sentra for å realisere Reykjavikdeklarasjonen og fjerne hindringar for godkjenning.

Det er laga ein ny brosjyre: "Godkjenning av utenlandsk høgre utdanning" på norsk og engelsk. For å nå flyktningar og innvandrarak tidleg i introduksjonsfasen er det også utarbeida ein enkel plakat med informasjon om godkjenning på sju språk.

Det årlege godkjenningsseminarret blei arrangert i Bodø, med vel 60 deltakarar. Der blei det satt fokus på høgre utdanning i Russland. Godkjenningssmanualen blei revidert til seminarret.

### Fokus 2005

- Redusere saksbehandlingstida vesentleg.
- Utrede etablering av ein offentleg NAG
- Arrangere arbeidsseminar med sikte på å formidle informasjon om og vidareutvikle arbeidsreiskapar som NAG, DS og godkjenning for flyktningar med mangelfull dokumentasjon.
- Vidareutvikle landdatabasen.
- Gjennomgå arbeidsdelinga mellom institusjonane og NOKUT i godkjenningsarbeidet i forhold til bestemmelser i ny lov om universitet og høgskolar.
- Delta i det nordiske ENIC/NARIC - samarbeidet, bl.a. gjennom evalueringa av det danske og det svenske senteret.
- Arrangere nordisk studietur til India/Pakistan.



## Godkjenning av fagskoleutdanning

*Godkjenning av norske fagskoleutdanningar blei innført gjennom lov om fagskoleutdanning av 20. juni 2003. Lova inneber at kortare utdanning som byggjer på vidaregåande opplæring utan å vere høgre utdanning, må bli godkjent av NOKUT for å få støtterett i Lånekassen. Tidlegare fagskoleutdanningar under lov om tekniske fagskolar må søkje NOKUT om godkjenning seinast 10. november 2006 for å kunne behalde godkjenning, tilskot og støtterett. Studietilbod på fagskolenivå som i dag berre har godkjenning for støtterett i Lånekassen, må søkje om godkjenning som fagskoleutdanning innan utgangen av undervisningsåret 2006–07. Styret til NOKUT vedtok "Kriterier for sakkynndig vurdering av fagskoleutdanning" i møte 04.05.04.*

### Kort om 2004

Det har vore arrangert ei rekkje seminar og møter med enkelttilbydarar, organisasjonar, direktorat og andre som har spesiell interesse for fagskoleutdanning, for å informere om nye lover og om NOKUTs forskrift og arbeid med godkjenning av fagskoleutdanning. Oversikten over tilbydarar har blitt svært mykje betre enn året før, men den er ennå ikkje komplett.

Det er vanskeleg å talfeste kor mange søknader om godkjenning av utdanningstilbod NOKUT motok i 2004, fordi søknadene ikkje var like tydelege på kor mange tilbod det dreidde seg om i kvart enkelt tilfelle. Det var søkt om anslagsvis 40 tilbod. Svært mange søknader blei sendt i retur fordi dei var utilstrekkelege eller utydelege. Ingen søknader blei avslutta med vedtak. Det blei utvikla ei søkjarhandbok for dei som søkjer om godkjenning av fagskoleutdanning.



Det blei inngått ei samarbeidsavtale med Sjøfartsdirektoratet. Avtala tydeleggjer NOKUT og Sjøfartsdirektoratet sitt ansvar, og den skal sikre god kontakt mellom partane. Avtala legg vekt på rasjonelt samarbeid om kvaliteten i den sertifikat-givande maritime utdanninga.

### Fokus 2005

Det er venta at talet på søknader om godkjenning av fagskoleutdanning vil auke kraftig i tida framover. NOKUT vil opprette ei ekstra saksbehandlarstilling til dette arbeidet. Det skal òg kome ei handbok eller rettleiing for sakkunnig vurdering.

### Verksemnda omfattar desse områda:

- godkjenning av fagskoleutdanning etter søknad
- revidering av godkjenning som allereie er gitt





## Ekstern informasjon

### Verksemnda omfattar desse områda:

- Produksjon og vedlikehald av informasjon gjennom kanalar som internett, brosjyrar og pressemeldingar
- Vedlikehald og bruk av den grafiske profilen til NOKUT
- Etablering og vedlikehald av rutinar i forhold til mediekontakt
- Opplæring innan ulike sider av kommunikasjonsfaget, for eksempel medietrening, skrivetrening for web og bruk av grafisk profil
- Generell kommunikasjonsrådgjeving

### Kort om 2004

"Heilskapstenking" er ein av verdiane til NOKUT. I 2004 blei det utarbeidd ein kommunikasjonsplan som beskriv korleis NOKUT skal informere eksternt, nettopp for å fremje heilskapstenkande kommunikasjonsarbeid.

Tilgjengelegheit var eit stikkord for arbeidet med ekstern informasjon i 2004. Det har vore arbeidd med tilgjengelegheit på to måtar:

- gjere det enkelt å få tak i informasjon om NOKUT og NOKUT si verksemd
- gjere det enklare å forstå NOKUT si verksemd. I dette arbeidet har heimesidene vore prioritert, både teknisk, grafisk og innhaldsmessig.

I mai 2004 sendte NOKUT ut sitt første nyheitsbrev. Nyheitsbrev blir sendt ut i etterkant av kvart styremøte, og inneheld informasjon om sentrale styrevedtak, i tillegg til andre nyheiter som kan ha interesse. NOKUT har òg satsa på ekstrasnett for dei sakkunnige, slik at dei kan ha eit eige område der dei kan dele informasjon.

Dei fleste områda av NOKUT si verksemd har nå sin eigen brosjyre. Fleire av brosjyrane finnast og på engelsk.

NOKUT har opplevd ei aukande interesse for verksemda si, både frå utdanningsmiljøet og journalister, og særleg gjeld dette arbeidet med institusjonsakkrediteringar.

### Fokus 2005

Utanlandske statsborgarar som ønskjer godkjenning av utanlandsk utdanning, vil vere ei prioritert målgruppe i 2005.

Det same gjeld for fagskolar, og det skal blant anna bli laga ein brosjyre om verksemdsområdet for godkjenning av fagskolar.

På same måte som i 2004 skal internett prioritert, og spesielt dei engelske sidene skal forbe-  
trast.

## NOKUTs internasjonale engasjement

*I det internasjonale samarbeidet om kvalitetssikring av høgre utdanning har NOKUT hovudsakleg konsentrert seg om nordiske og europeiske nettverk og organisasjonar. NOKUT deltek også i eit verdsomspennande nettverk av kvalitetssikringsorgan med årlege arbeidsseminar, og i eit bilateralt samarbeidsprosjekt.*

*NOKUT arrangerte i 2004 eit seminar i det europeiske akkrediteringssamarbeidet og eit seminar i eit anna europeisk nettverk om institusjonelle kvalitetgranskningar. Gjennom samarbeidsprosjekt, nettverk og foredrag har NOKUT spreidd informasjon om norsk kvalitetssikring og kvalitetsutvikling. Sentrale nettverk og organisasjonar er:*

- ENQA – European Association for Quality Assurance in Higher Education. Fram til juni 2004 var NOKUT representert i styringsgruppa. Frå 4. november blei ENQA omorganisert frå nettverk til organisasjon. Styreleiar og direktør var på to generalforsamlingar i samband med omorganiseringa. NOKUT var også med på eit prosjekt om kartlegging og analyse av evalueringsmetodar ved kvalitetssikringsorgan med ulik tiltaksprofil. ENQA er no opna for alle dei 45 Bologna-landa.
- ECA – European Consortium for Accreditation in Higher Education er eit prosjektsamarbeid mellom 14 kvalitetssikringsorgan frå ni europeiske land i 2003–2007. Målet er gjensidig godkjenning av akkrediteringsvedtaka til medlemsorgana. NOKUT er representert i prosjektstyret og i tre av fem arbeidsgrupper.
- NOQA – Nordic Network for Quality Assurance in Higher Education har årlege møte. Nettverket har eit felles prosjekt kvart år, for 2004/2005 ei samanlikning av kvalitetsarbeidet ved nordiske høgre utdanningsinstitusjonar. Nettverket arrangerer seminar, og tilsette kan hospitere i dei andre nordiske organa.
- Eit europeisk nettverk for utvikling av institusjonelle kvalitetgranskningar, med seks nasjonale organ. NOKUT arrangerte eitt av seminarane i 2004.
- NOKUT har eit samarbeidsprosjekt med det spanske kvalitetssikringsorganet ANECA, og med det sørafrikanske kvalitetssikringsorganet HEQC. Båe samarbeida gjer at NOKUT blir kjent med nasjonalt kvalitetsarbeid på andre kontinent, sidan ANECA har nær kontakt med nettverk i Sentral- og Sør-Amerika.

Også innanfor godkjenning av utdanning i utlandet har NOKUT eit velutvikla internasjonalt samarbeid, med vekt på nordiske og europeiske nettverk og organisasjonar.

- Dei europeiske nettverka ENIC/NARIC er sentrale. NOKUT er aktivt med, og var fram til juni 2004 med i NARIC Advisory Board. Vi har også vise-presidenten i Advisory Board for Lisbon Convention Committee. NOKUT deltek på dei årlege møta i nettverka og er med på vidareutvikling av godkjenningsreiskapane.
- Nordic Recognition Information Centres (NORRIC) blei organisert i 2004. Nordisk Ministerråd finansierer eit samarbeid mellom dei nordiske landa. Formålet er å realisere Reykjavik-erklæringa om gjensidig godkjenning av høgre utdanning i dei nordiske landa, fjerne hindringar for godkjenning mellom landa og etablere ei formålstenleg arbeidsdeling i godkjenningarbeidet. NOKUT har ansvaret for delprosjektet "Recognition Problems in the Nordic Countries".
- Det er også gjennomført ei gjensidig evaluering av ENIC/NARIC-einingane for Island, Finland og Noreg. Evalueringsrapporten av NOKUT er klar våren 2005.
- NOKUT har delteke på fleire internasjonale konferansar med presentasjonar og innlegg til diskusjon.

Til saman har NOKUT hatt 16 foredrag og diskusjonsinnlegg på internasjonale konferansar, seminar og diverse møte. Det er viktig å informere om dei norske systema for nasjonal kvalitetssikring og godkjenning av utdanning i utlandet, og ikkje minst å delta i utviklinga av nye metodar.



# Temaartiklar

- Den utfordrande balansen mellom kontroll og utvikling
- Fagskolen – den nye tertiær-utdanninga
- Europeisk samarbeid om evaluering av kvalitetssikring
- Modernisering av nordisk samarbeid om godkjenning av utanlandsk utdanning
- Evaluering av allmennlærer-utdanninga

HEILSKAPSTENKJAND  
tyDEleG  
KonSTRUKTiV  
UaVhEnGiG  
effEKTiV



## Den utfordrande balansen mellom kontroll og utvikling



Vibeke Narverud Nyborg, førstekonsulent i seksjon for akkreditering

*Eit av særtrekka ved NOKUT er at organet gjennom akkrediteringsverksemda skal føre kontroll med kvaliteten i norsk høgre utdanning, samtidig som organet skal vere med på å vidareutvikle kvaliteten hos dei institusjonane som gjennomgår ei vurdering. NOKUT skal vere open, utviklingsretta og invitere til dialog, samtidig som organet må ta omsyn til strenge kriterium, retningslinjer og lovverk i arbeidet med å sikre kvalitet.*

Gjennom kontrollformålet får NOKUT vesentleg innverknad på avgjerder som gjeld nyutvikla studietilbod og institusjonar som ønskjer å endre institusjonskategori. I desse prosessane ønskjer NOKUT å bidra til ein open dialog med institusjonane, slik at akkrediteringsverksemda blir utforma på ein måte som gjer at institusjonane kan dra nytte av ho i utviklingsarbeidet. Denne dobbeltrollen tek NOKUT alvorlig. Det er synleg gjennom strategiplanen og retningslinjene som blir utvikla. Likevel er ikkje denne måten å drive akkreditering på uproblematisk.

Utfordringane som ligg i problemstillinga, kan reise ein viktig debatt. Korleis kan ein handtere dei to oppgåvene, kontroll og utvikling, på ein god måte? Det er i lys av dette eg prøver å problematisere somme av utfordringane NOKUT står overfor når det gjeld ei akkrediteringsverksemd som skal ha fokus på både kontroll og utvikling. Eit område som kan by på særskilde utfordringar, er den vanskelege grensegangen mellom på den eine sida å skulle rettleie institusjonane i ein søknadsprosess, og til ein viss grad vere med på å utvikle nye studietilbod, og på den andre sida seinare å skulle kontrollere arbeidet til institusjonane gjennom ei akkreditering.

I NOKUTs strategiplan står det blant anna: "NOKUT skal være uavhengig i virksomheten i forhold til interessentene," "NOKUT skal åpent og bevisst tilby informasjon," og "akkrediteringsvirksomheten skal være slik at institusjonene kan dra nytte av den i sitt utviklingsarbeid."

Ein tendens er at mange institusjonar i stadig større grad bruker ekspertisen til NOKUT både før, under og etter ei vurdering. Dette er eit positivt trekk som kan føre til kvalitetsutvikling både for institusjonane og NOKUT. Samtidig kan det i yttarste

konsekvens føre til at NOKUT kontrollerer og akkrediterer eit studietilbod som i stor grad har blitt utvikla i dialog med og etter råd frå organet.

Ein kan hevde at målet, i dette tilfellet den endelege akkrediteringa der kvaliteten er tilfredsstillande, er det viktigaste i denne prosessen. Likevel bør ein vere klar over kva problem dette kan innebere. NOKUT skal vere eit uavhengig organ som alle institusjonar kan ha tillit til. Ei vurdering skal ikkje vere avhengig av i kor stor grad institusjonane har involvert NOKUT i prosessen med utarbeiding av eit studietilbod og ein søknad. Ingen av partene vil vere tent med at ein på sikt kan stille spørsmål ved NOKUT sitt faktiske og reelle sjølvstende. På den andre sida er det heller ikke ønskeleg at NOKUT skal bli lukka og lite gjennomiktig. Utfordringa med ivaretaking av begge oppgåvene må derfor bli løyst på andre måtar.

Dei viktigaste støttespelarane til NOKUT, institusjonane og dei sakkunnige, er verdifulle bidragsytarar når det gjeld å sørge for balansen mellom utviklingsformålet og den kvalitetsmessige kontrollfunksjonen. I denne samanhengen er det nødvendig å komme inn på kven som skal ha ansvaret for kvaliteten i norsk høgre utdanning.

Det er eit viktig aspekt at det er institusjonane sjølve som har det største ansvaret. For NOKUT er det viktig å vere tydeleg på at det er institusjonane sjølve som må stå til ansvar for kvaliteten på tilboda som blir gitt. Skal kvaliteten bli god, må dei som arbeider med studietilboda òg sørge for den daglege kvalitetsutviklinga og den daglege kvalitetssikringa.

NOKUT si oppgåve er å kontrollere kvaliteten på norsk høgre utdanning. Institusjonane sitt ansvar er å sørge for at det alltid er god kvalitet på utdanninga. Gjennom dialog og i møte med NOKUT får institusjonane testa om kvaliteten held mål. I denne prosessen får vi ei bevisstgjering og vidareutvikling av kvaliteten. Ved å vere tydelege på at det er institusjonane sjølve som har ansvaret for kvalitetsarbeidet i si eiga utdanning, kan NOKUT behalde rollene som kontrollør og bidragsytar til utvikling av utdanningskvaliteten.

## Fagskolen – den nye tertiærutdanninga

*Fagskolen ligg i skjæringspunktet mellom den akademiske og den praktiske handverks-/profesjonsbaserte tradisjonen, og er eit sjølvstendig alternativ til høgre utdanning. Det samla talet på studentar i skoleslaget er sannsynlegvis mindre enn talet på studentar ved Universitetet i Oslo, og talet på tilbydarar meir enn det dobbelte enn for høgre utdanning. Dei fleste tilboda som blir søkt godkjent etter lova om fagskoleutdanning, har mindre enn hundre studentar. Det er staten, fylkeskommunane og private investorar som eig skolane.*



Inger Moland  
Wahl,  
rådgivar i  
seksjon for  
akkreditering

### Om lova

Lov om fagskoleutdanning av 20. juni 2003 erstattar lov om tekniske fagskolar og omfattar langt fleire utdanningstilbod enn lova den erstattar. Fagskoleutdanning er definert som yrkesretta utdanning som byggjer på vidaregåande opplæring (fag-/svennebrev eller generell studiekompetanse) eller tilsvarande realkompetanse tilsvarande minst eit halvt studieår og maksimalt to studieår som heiltidstilbod.

### Om fagskolar

Dei tekniske fagskolane, som først hadde monopol på fagskolenavnet, har tradisjonelt rekruttert frå gruppa handverkarar for å heve den praktiske og teoretiske kompetansen. Tida vil vise korleis dei nye fagskolane oppfattar si eiga rolle.

### Styra si viktige rolle

Lova gir beslutningsfullmakt til styret i utdanningstilbodet, og representantar for studentar og tilsette skal ha møte-, tale- og forslagsrett i saker som gjeld fagskoleutdanninga. Eigaren set saman eit kompetent styre med representantar for interessentane. Styret skal sjå til at tilbydar følgjer lover og forskrifter, og at utdanninga blir driven økonomisk forsvarleg. Styret skal ta avgjerder som vil påverke kor levedyktig og marknadstilpassa tilbodet er.

## Fridom og likskap

Dei fylkeskommunale fagskolane består av helsefaglege og tekniske utdanningar. Dei tekniske skolane har gått saman i Nasjonalt utvalg for tekniske fagskolar, som igjen har oppretta plangrupper. Formålet er å sikre kvalitet og likskap mellom like linjer fra tilbydar til tilbydar, samtidig som kvar tilbydar skal gjere lokale tilpasningar av dei nasjonale utdanningsplanane. Planane har ikkje status som rammeplanar. Det er styret til den enkelte tilbydar som avgjer om planane skal danne utgangspunkt for eiga utdanning.

For helseutdanningane har Sosial- og helsedirektoratet utarbeidd planar med same status som planane frå Nasjonalt utvalg for tekniske fagskolar. I tillegg har fylkeskommunane laga eit felles inntaksreglement som skal sikre eit definert fagleg nivå blant studentane som blir tekne opp.

Fleire private tilbydarar har organisert seg i fora som sørgjer for ei viss standardisering, for eksempel på reglementssida. Dette gjeld blant andre kunstutdanningane og dei merkantile utdanningane. Praktiske hensyn og eigeninteresser sørgjer for felles regulering av ein del forhold, elles blomstrar dei tusen blommar i fagskolen.

## Forholdet til høgre utdanning

Fagskolen gir ikkje studiepoeng, men institusjonane i høgre utdanning kan vurdere søkjarar på individuelt grunnlag. Somme fagskolestyre har inngått avtaler med institusjonar innafør høgre utdanning om eitt års nedkorting av bachelorgradstudiet på grunnlag av fullført fagskoleutdanning.

Fridomen som tilbydarane av fagskoleutdanning har, gjer at opptak frå fagskolane til høgre utdanning må baserast på spesielle ordningar eller realkompetansevurdering.

## NOKUT si innverknad på konkurranse-situasjonen mellom tilbydarane

Ei NOKUT-godkjenning av ein fagskoletilbydar vil kunne påverke studenttilstrømminga. I løpet av to til tre år vil i tillegg berre studentar ved utdanningar som er godkjende etter ei utdanningslov, ha rett til lån og stipend frå Statens lånekasse for utdanning. No har vi ei overgangsordning for tilbod som tidlegare har hatt Lånekassegodkjenning, og for dei gamle tekniske fagskolane. Alle nye tilbod må ha NOKUT-godkjenning. NOKUT må vere klar over at godkjenningsordninga kan føre til ei konkurransedreining. Einsarta utdanningstilbod bør vurderast i same omgang av same komité. Om utdanningstilboda òg oppnår godkjenning samtidig, er avhengig av kvaliteten på utdanningstilbodet, slik det går fram av sjølvevalueringa/søknaden. Dermed blir også kvaliteten på søknaden eit springande punkt for godkjenninga.



Wenche Froestad,  
rådgivar i  
seksjon for  
kvalitetssystemar

## Europeisk samarbeid om evaluering av kvalitetssikring

Nasjonale evalueringar av høgre utdanning har tradisjonelt vore evaluering av program eller fagområde på den ene sida og evaluering av institusjonen under eitt eller institusjonen sitt kvalitetsarbeid på den andre. I regi av The European Association for Quality Assurance in Higher Education (ENQA) har det utvikla seg eit uformelt europeisk nettverk av nasjonale evalueringsorgan som har fokusert på evaluering av kvalitetsarbeidet til institusjonane – såkalla audit. NOKUT deltar aktivt i dette arbeidet.

### Audit – evaluering av systematisk kvalitetsarbeid

Audit er ei evaluering av institusjonane si evne til og sin metode for å evaluere og kvalitetssikre eiga utdanningsverksemd, altså ein indirekte evaluering av utdanningsverksemda. Auditen blir gjennomført av eksterne sakkunnige komitear som evaluerer lærestadene ut frå deira eige kvalitetsarbeid.

Audit som evalueringsform vinn stadig fram, men blir òg kritisert. Særleg har det blitt hevda at denne metoden gir for liten kontroll av kvaliteten i dei enkelte utdanningsprogramma. På den andre sida har òg evalueringar av fag og program blitt kritiserte. Ein type kritikk, som særleg kom i England, var at institusjonane tilpassa seg evalueringsforma på ein slik måte at det endte som rituelle spel med svært liten utviklingseffekt. Evalueringane blei òg kritiserte for å vere svært omfattande og kostbare.

Ein tendens i Europa no er å prøve ut variantar av auditor som er kostnadseffektive og utviklingsorienterte. Ulike former for evaluering eller akkreditering av utdanningsprogram blir ofte gjennomført som tillegg til syklisk audit i alle utdanningsinstitusjonar.



Gro Hanne Aas,  
seniorrådgivar  
i seksjon for  
kvalitetssystemar

### Europeisk audit-nettverk

Det europeiske nettverket er no samansett av personar frå kvalitetssikringsorgan i England, Frankrike, Norge, Sveits og Sverige. Fleire land, blant anna Danmark og Finland, tek no i bruk audit, og nettverket blir derfor utvida i nær framtid. Opplegget rundt ein audit varierer vesentleg mellom dei ulike landa. I Norge og Sveits er evalueringane konsentrerte om kvalitetsarbeidet til institusjonane og deira system for å sikre utdanningskvalitet. I Frankrike og Sverige har også andre tema vore viktige, for eksempel institusjonens strategi, forskningsprofil og internasjonalisering. England har hatt dei mest omfattande evalueringane, der også utvalde fagområde blei evaluert.

Ein viktig del av nettverksarbeidet er metodediskusjon og metodeutvikling. For NOKUT er det svært interessant å delta i eit samarbeid der personar som organiserer evalueringar, får direkte kontakt seg imellom, og konkrete erfaringar blir drøfta. I 2004 stod nettverket for eit felles debattinnspel på ein internasjonal konferanse. Vi skisserte ein idealstorleik for evalueringsarbeidet, ein slim quality audit. Ei slik tilnærming krev at universiteta og høgskolane har eit system for kvalitetssikring av utdanninga, og at den nasjonale kontrollen blir gjennomført som kontroll av dette systemet.

### Likt og ulikt – problem i metodeutvikling over landegrensene

Audit-nettverket sitt felles diskusjonsinnspel om slank audit førte til gode diskusjonar om forholdet mellom kvalitetskontroll, kvalitetsutvikling og evalueringsarbeid. Eit slikt felles bidrag kan likevel gi eit feilaktig inntrykk av lik praksis på tvers av landegrensene. Ein audit vil variere frå land til land, fordi den vil vere forankra i ulike tradisjonar og kulturar.

Endringane i norsk høgre utdanning har mykje felles med utviklinga i mange andre land. Johan P. Olsen skreiv i 2000 at Mjøsutvalet si innstilling er prega av ideologiimport heller enn nytanking ut frå nasjonale tradisjonar. I tillegg følgde nok òg ein terminologiimport. Vi fyller dei nye omgrepa med eigne tradisjonar og eigen mening, og når dei blir tilbakeført til fellesspråket engelsk, forsvinn dei lokale føresetnadene og nyansane. Internasjonale metodediskusjonar er svært interessante, men vi må halde auge med omgrepa, slik at vi ikkje gjer likt av ulikt, og omvendt.



## Modernisering av nordisk samarbeid om godkjenning av utanlandsk utdanning

*Norden er ein open utdannings- og arbeidsmarknad. Skal dette fungere, krev det tillit til dei andre høgre utdannings-systema, kvalifikasjonane og godkjenningsordningane. Dei nordiske landa har ei rekkje avtaler som regulerer høgre utdanning. Den viktigaste for godkjenningsarbeidet har vore Sigtunaavtalen frå 1975.*

Frå og med juni 2004 er dei nordiske landa blitt samde om å intensivere samarbeidet ved å erstatte Sigtunaavtalen med Reykjavikerklæringa<sup>1</sup>. Landa vil gjennom erklæringa leggje grunnlag for ei styrking av samarbeidet om godkjenning av kvalifikasjonar frå høgre utdanning, og samtidig vere ein føregangsregion når det gjeld å vere open i dette arbeidet. Dette skal ein oppnå gjennom tettare samarbeid mellom dei nordiske landa og mellom organisasjonar og institusjonar i Norden som arbeider innafør høgre utdanning. Erklæringa forpliktar landa til å rapportere om godkjenningsproblem til Nordisk råd annan kvart år.

Seksjon for utanlandsk utdanning i NOKUT<sup>2</sup> har det siste året delteke i eit større samarbeidsprosjekt mellom dei nordiske Enic/Naric-kontora (Grenshinder-prosjektet). Prosjektet, som er finansiert av Nordisk råd, strekk seg over tre år og skal vere slutført ved årsskiftet 2006/7.

Hovudmålsetjinga med prosjektet er å fjerne grensehendingar ved godkjenning av høgre utdanning. Ønsket er å samordne det nordiske godkjenningsarbeidet når det gjeld både arbeidsmetodikk og organisering av arbeidet. Mangelen på felles standardar og godkjenningsordningar representerer fortsatt praktiske hindringar for dei som vil arbeide i eit anna land. Målet er at Norden om nokre år skal fungere som eit felles godkjenningssområde.

I 2004 bestod prosjektet av i alt delprosjekt som har gått parallelt. Seksjon for utanlandsk utdanning har delteke i alle delprosjekta. Eitt har sett på internordisk lærargodkjenning. Eit anna har vurdert generelle forskjellar mellom nordiske utdanningssystem og godkjenningsproblematikk som er knytt til desse. Det tredje skal evaluere dei nordiske ENIC/NARIC-kontora.

Rapportane om lærargodkjenning og om forskjellar mellom utdanningssystema er tilgjengelege hos NOKUT. Rapportar frå evalueringa av det finske og islandske E/N-kontoret er òg tilgjengelege.

Rapportane viser at det er grunnleggjande forskjellar mellom dei nordiske utdanningssystema, godkjenningsordningane og arbeidsmetodikken, i tillegg til forskjellar mellom systema for lærargodkjenning. Kva konklusjonar som kan sluttast frå rapportane, er førebels uklart.

Det gjenstår 2 år av prosjektperioden, og seksjon for utanlandsk utdanning tek også i 2005 del i dette nordiske prosjektet. Vi håper og trur at vi i det vidare arbeidet kan behandle forskjellane som er påvist, og spørsmåla som er knytte til konklusjonane som skal sluttast av prosjekta, og at felles ordningar for Norden etter kvart vil ta form.

<sup>1</sup> Reykjavikerklæringa finnest på NOKUT sine heimesider.

<sup>2</sup> Seksjon for utanlandsk utdanning (SU) i NOKUT er det norske Enic/Naric-kontoret.



Gerhard Y. Amundsen, rådgivar i seksjon for utanlandsk utdanning



Ingrid Furfjord Berglund, førstekonsulent i seksjon for kvalitetssystemar

## Evaluering av allmennlærerutdanninga

*NOKUT har fått i oppdrag frå Utdannings- og forskningsdepartementet (UFD) å evaluere allmennlærerutdanninga. Evalueringa startar tre år etter Norgesnettrådet (NNR) sine evalueringar av allmennlærerutdanning, førskolelærerutdanning og praktisk-pedagogisk utdanning i Noreg.*

Mange har vore overraska over at det kjem ei ny evaluering av allmennlærerutdanninga no. Dette fordi den kjem like etter den forrige evalueringa, som blei gjennomført i 2001/2002, og fordi den nye rammeplanen for allmennlærerutdanninga berre har vore i bruk i vel eitt år. Skole, utdanning og lærerutdanning er for tida eit heitt tema i samfunnsdebatten, og i lys av dette kan ein forstå kvifor ein vil evaluere allmennlærerutdanninga på nytt. Det er likevel viktig at evalueringa ikkje blir ein reiskap for ein eller annan utdanningspolitisk agenda, og at konklusjonane er saklege og blir sett inn i ein fornuftig samanheng.

For NOKUT er denne evalueringa (ved sida av akkreditering av sjukepleiarutdanninga) den mest omfattande og metodisk sett krevjande så langt. Mens NNR-evalueringa av allmennlærerutdanninga brukte fem høgskolar som eksempel og informasjonsgrunnlag, skal denne evalueringa dekkje alle allmennlærerprogramma. Evalueringa skal gi vurderingar av kvart enkelt allmennlærerprogram, i tillegg til ei generell vurdering av utdanningsfeltet. Det blir ikkje lagt opp til rangering av programma. Det viktigaste er å få fram kvalitativ, god og generell kunnskap om norsk allmennlærerutdanning.

Prosjektet er i rute til tross for stort tidspress i startfasen ved utgangen av 2004. Prosjektplanen er vedteken, og eit panel av sakkunnige med breitt kompetansefelt er utnemnt. På åpningskonferansen til prosjektet i januar var alle aktuelle institusjonar, dei sakkunnige i prosjektet og ulike organisasjonar i utdanningssektoren invitert.

UFD har bede NOKUT vurdere alle relevante forhold for kvaliteten i utdanninga. Dette er hovudtema:

- Profesjons- og brukarperspektivet (relevans og yrkestilknytning)
- Leiinga til institusjonen og styring av utdanninga
- Fagleg nivå og kvalitet: programkvalitet og kvalitet i gjennomføringa
- Kompetansen til lærerutdannarane
- FoU som grunnlag for forskingsbasert lærerutdanning
- Institusjonens ressursbruk og vektlegging av innsatsfaktorar

- Studieføresetnader, studieinnsats og medinnverknad for studentane
- Studentane sin sluttkompetanse
- Etter- og vidareutdanning, med vekt på gjensidig kunnskapsflyt mellom utdanning og yrkesfelt

NOKUT skal prøve å fange opp korleis vurderingar og tilrådingar frå forrige evaluering har blitt følgt opp, og om det har vore utvikling på område som då blei vurdert som svake eller problematiske. Vidare skal NOKUT prøve å fange opp korleis endringar frå rammeplanen av 98 og til rammeplanen av 2003 har påverka (eller ser ut til å påverke) utdanningskvaliteten. Eit særskilt mål er å finne fram til viktige faktorar for kvaliteten i utdanninga som er målbare over tid, og på dette grunnlaget foreslå nokre faste indikatorar for rapportering frå kvart enkelt allmennlærerutdanningsprogram.

For å løyse dette oppdraget er informasjonsinnhentinga delt inn i følgjande tema:

- a) Kvantitative data / indikatorar
- b) Fagplanar og praksisplanar
- c) Eigenvurderingar frå institusjonane gjennom leiing, vitenskaplege tilsette, studentar og lærarar
- d) Brukarvurderingar: studentar, nylig utdanna og avtakarar (skoleleiarar og skoleeigarar)

Dei sakkunnige som er utnemnt, analyserer data innafør kvart av desse felte. Det skal også innhentast samanliknande dokumentasjon frå andre land.

Evalueringa er delt inn i to analysefasar. Første fase varer fram til sankthans 2005, og inneber organisering og analyse av institusjonane sine eigenvurderingar, brukarvurderingar frå brukarane, kvantitative data og fagplanar. Førrelse konklusjonar og hypotesar basert på dette materialet vil danne grunnlag for prioritering og presisering av problemstillingar i andre analysefasar, som startar medio februar 2006 og blir avslutta rundt vår/sommar. Då skal informasjonen som blir henta inn gjennom dybdeintervju og institusjonsbesøk, analyserast.

Til slutt skal det utarbeidast endelege rapportar. Desse skal innehalde vurderingar og tilrådingar til både dei enkelte institusjonane og norsk allmennlærerutdanning som heilskap. Vurderingar og tilrådingar om bruk av faste kvalitetsindikatorar skal også formulerast. Prosjektet blir avslutta med ein sluttkonferanse etter sommaren 2006.



**NOKUT**  Nasjonalt organ for  
kvalitet i utdanningen

Kronprinsens gate 9  
Postboks 1708 Vika  
0121 Oslo

Telefon: 21 02 18 00  
Telefaks: 21 02 18 01  
postmottak@nokut.no  
www.nokut.no

